



Åshild Bjørkum Furukawa
Mjåtveitvegen 28b
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1008 - 15/9138

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
07.05.2015

MANGEL- Søknad om oppføring av støttemur på gbnr 23/486

Meland kommune har gått gjennom Dykkar søknad om oppføring av forstøtningsmur mot veg på gbnr 23/486 på Frekhaug og ser at den har manglar. Før administrasjonen kan handsame søknaden må følgjande dokumentasjon vera innsendt:

- Det må sendast inn situasjonskart der muren er innteikna.
- Det må sendast inn målestokkriktige og målsette teikningar av muren.
- Administrasjonen ser at tiltaket vil koma i konflikt med byggegrensa og siktlinja fastsatt i reguleringsplanen for Frekhaug aust. Fastsatt byggegrensa er meint til å blant anna ivareta ei eventuell utviding av veg, samt sikre sikt til utkjørsel.

Løyve til tiltak er såleis avhengig av at det vert gjeve dispensasjon frå byggegrensa i reguleringsplanen. Det er difor naudsynt at det først vert sendt inn ein grunngitt søknad om dispensasjon, og at kommunen seinare gjer eit positivt vedtak om dispensasjon.

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter Plan- og bygningslova § 20-2 er gjeve. Dykkar søknad vert lagt i ventarkiv i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil saka verte teke fram til ordinær handsaming. Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang.

Etter gebyrregulativet for teknisk sektor er det eit eige ekstragebyr for alle dispensasjonssaker, gjeve i punkt 9.1.5, for tida er dette gebyret på kr 6000,-, og dette kjem i tillegg til det vanlege byggjesaksgebyret.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:

Åshild Bjørkum Furukawa

Mjåtveitvegen 28b 5918

FREKHAUG